



# Planprogram

revidering av kommunedelplan

Helse-sosial-omsorg  
2022-32

Bømlo kommune

Kommunedelplan  
Helse- sosial -omsorg  
2017-27



Rådmunnen

Vedteke i Kommunestyret 05.12.18, Pr-ak 123/18

August 2021

Kommunedirektøren

## Innhold:

1.0. <i>Innleiing</i> .....	3
2.0. <i>Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg (KDP-HSO) 2017-27</i> .....	3
3.0. <i>Målsetjingar og mandat for revisjonen</i> .....	4
4.0. <i>Planstrukturen i Bømlo kommune</i> .....	5
5.0. <i>Aktuelle lover og statlege styringssignal</i> .....	6
6.0. <i>Talgrunnlag og utviklingstrekk</i> .....	8
7.0. <i>Medverknad og samskaping</i> .....	8
8.0. <i>Organisering av arbeidet og framdrift</i> .....	10

## 1.0. Innleiing

Etter § 4-1 i Plan og bygningslova skal det utarbeidast eit planprogram for alle regionale planar, kommuneplanar og for reguleringsplanar som kan ha vesentleg innverknad på miljø og samfunn. Kommunedirektøren vurderer at denne revideringa av kommunedelplan for helse-sosial-omsorg (KPD-HSO) kjem under ein slik definisjon.

Eit planprogram er eit verktøy for å styrkja medverknad og gode planprosessar. Planprogrammet skal gjera greie for føremålet med arbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, kva som skal vurderast og behov for eventuelle utgreiingar.

## 2.0. Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg (KDP-HSO) 2017-27

Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg (KDP-HSO) 2017-27 oppsummerer utfordringane i helse-sosial-omsorgssektoren slik:

- Brukarane sine behov for i individuelt tilpassa og koordinerte tenester blir ikkje imøtekommen i tilstrekkeleg grad.
- Kommunen har fått, og vil framover fåre fleire oppgåver og større ansvar.
- Auke i tal eldre, endring i sjukdomsbilde, økonomiske rammer og reduksjon i tal personar i arbeidsfør alder, gjer at me framover ikkje kan driva tenestene som i dag.
- Det er behov for grundige prioriteringar innanfor gitte rammer.



Planen har fire fokusområder:

- Ei ny og meir aktiv brukarrolle. Individuelt tilpassa og koordinerte tenester.
- Tettare samarbeid med eksterne aktørar – kommunen som koordinator og tilretteleggjar.
- Målretta utvikling av tenestetilbodet (inklusiv bustadplan).
- Målretta satsing på rekruttering og kompetanse.

Etter planen blei skriven har ein jobba med mange konkrete utviklingstiltak knytt opp mot desse fokusområda.

Utfordingane og fokusområda er framleis like aktuelle som då planen blei skriven. Det er difor naturleg å i hovudsak behalda desse. I revidering av planen vil det likevel vera behov for tekstlege endringar og justeringar, m.a. blir det viktig å implementera viktige mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel og berekraftsmåla i KDP HSO (jf. kapittel 4). Vidare blir det viktig å implementera statlege føringer og rettleiarar som er kome etter planen vart utarbeida i 2016 (jf. kapittel 5). Det vil òg vera behov for oppdaterte tal på demografi og utvikling (jf. kapittel 6).

### **3.0. Målsetjingar og mandat for revisjonen**

Føremålet med revisjon av eksisterande plan er å oppdatera utfordrings- og moglegheitsbilde, og beskriva ein tydeleg retning for helse-sosial-omsorgssektoren i Bømlo dei neste 10 åra. Dette i tråd med nasjonale føringer og gjeldande kommuneplan. Eit anna føremål med arbeidet er å sikra ny forankring i politisk nivå, og gje moglegheit til brei medverknad/ samskaping med tilsette og samfunnet rundt.

Mandat for arbeidet:

- Vurdera behov for tekstlege endringar og justeringar i eksisterande plan.
- Implementera overordna målsetjingar frå kommuneplanen sin samfunnsdel i planen, herav berekraftsmåla.
- Implementera statlege føringer og veiledarar som er kome etter planen vart utarbeida i 2016.
- Laga ein oppdatert og samla oversikt aktuelle tal på demografi og utvikling. Denne oversikten skal òg beskriva utfordringsbildet.
- Det skal parallelt med revideringa av overordna plan for 2022-32 utarbeidast ein ny handlingsdel for 2022/23.

Dette planarbeidet skal omhandla helse, sosial og omsorgstenester for vaksne (personar over 18 år). Det blir likevel viktig at prosessen legg til rette for innspel frå/ samordning med øvrige tenester i kommunen, dette for å sikra overgangar og samhandling med tenester for innbyggjarar under 18 år.

## 4.0. Planstrukturen i Bømlo kommune

Planstrukturen i Bømlo kommune er vedteken i Kommunal planstrategi 2021-24 (KS-sak 08/21). Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og har høgast rang i plansystemet. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel (KPS) og ein arealdel (KPA). Etter KPS og KPA kjem *Kommunedelplanar* (KPD). Kommunedelplan HSO (KDP HSO) er ein slik plan.

Hierarki – matrise

Rangering	Plantype	Handlingsdel og kommentar
Høgast rang	Kommuneplan – samfunnsdel og arealdel. <b>Tung prosess og høg grad av medverknad.</b>	Budsjett og økonomiplan
Tung plantype	Kommunedelplan (KDP). Større reguleringsplanar.  Tung til moderat prosess. Tung til moderat grad av medverknad.	Eigne handlingsdelar med ulike tidsintervall
Lettare plantype	Temoplan, strategiar. Detaljreguleringer.  Moderat til lett prosess. Låg grad av medverknad.	Kan ha integrerte handlingsdelar eller bli fulgt opp i andre planar sine handlingsdelar

Tabell: Frå «Kommunal planstrategi 2021-24, Bømlo kommune»



Kommuneplanen sin  
samfunnsdel - KPS  
2019-2049

**Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)** er førande for all overordna planlegging og samfunnsutvikling i kommunen. Bømlo kommune vedtok ny samfunnsdel **#Bømlo2049** i 2019, etter at KDP Helse-Sosial-omsorg 2017-2027 blei utarbeida. I denne revisjonen blir det difor viktig å implementera overordna målsetjingar frå KPS i KDP HSO.

## 5.0. Aktuelle lover og statlege styringssignal

Det er ei rekke lover, forskrifter og avtalar som lagar føringar og set rammer for drift og utvikling av dei kommunale helse, sosial og omsorgstenestene. Dei mest sentrale lovene for dette planarbeidet er:

Namn på Lov	
Lov om planlegging og byggesaksbehandling LOV-2008-06-27-71	Set rammer for kommunal planlegging, m.a. planprosessar og medverknad.
Lov om kommunale helse og omsorgstjenester mm LOV-2011-06-24-30	Set rammer for/ omhandlar kva helse- og omsorgstenester kommunen skal yta og samhandling med eksterne.
Lov om pasient og brukerrettigheter LOV-1999-07-02-63	Beskriv pasientane/ brukarane sine rettar til kommunale helse og omsorgstenester.
Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen LOV-2014-06-20-24	Beskriv/regulerer kommunen sitt ansvar for dei sosiale tenestene i NAV.
Lov om folkehelsearbeid LOV-2011-06-24-29	Beskriv m.a. kommunen sitt ansvar i folkehelsearbeidet.
Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv LOV-2005-06-17-62	Set rammer for/omhandlar rolla som arbeidsgjevar.
Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten FOR-2016-10-28-1250	Skal bidra til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstjenester, kvalitetsforbedring og pasient- og brukersikkerhet.

(Lista er ikkje uttømmande)

Stortingsmeldingar og reformar gjer føringar for utvikling av dei kommunale tenestene. I KDP-HSO 2017-27 er det laga ein oversikt over dei mest sentrale føringane. Mange av desse er framleis aktuelle. Det er òg komen nye føringar etter at planen for 2017-27 vart skiven, desse blir tatt med i revisjonen. Mellom anna «*Leve hele livet*»-reformen som gjev retning for kvalitetsutvikling av tenestene til eldre. Reformen har òg fokus på aldersvenlege samfunn og eldreressursen, og den har på mange måtar utvikla seg til å bli ein samfunnsreform, ikkje berre ein helsereform. Etter KDP-HSO vart skiven er det òg komen ein ny rettleiar for helse- og omsorgstjenester til personar med utviklingshemming. Det blir viktig å ha ein gjennomgang av denne i revisjonen.

## Sentrale nasjonale dokument/ styringssignal:

Dokument	
St. meld 29 (2012-13) «Morgendagens omsorg» og «Omsorg 2020»	HOD sine tilrådingar til Stortinget om utvikling på helse – og omsorgsfeltet. «Omsorg 2020» er regjeringa sin plan for omsorgsfeltet 2015-2020.
St. meld 47 (2008-2009) «Samhandlingsreformen»	Regjeringa sine føringer ved innføring av reformen som starta i 2012. Nokre element er framleis aktuelle.
St. meld. 26 (2014-15) «Framtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet»	Omhandler forslag til korleis den kommunale helse- og omsorgstenesta kan utviklast for å møta framtidas utfordringar.
St. meld. 19 (2014-15) «Folkehelsemeldingen – mestring og muligheter»	Regjeringa sine strategiar for å styrkja folkehelsearbeidet.
Sammen om mestring – Veileder i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for voksne (IS-2076)	Rettleiaren beskriv krav og forventingar til lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid i lys av gjeldande lovverk og nasjonale føringer på området.
Stortingsmelding 10 (2012-2013), "God kvalitet - trygge tjenester".	Melding til Stortinget om pasientsikkerhet i helse- og omsorgstenesta.
IS-1/2018: «Nasjonale mål og hovedprioriteringer»	Årleg skriv frå Helsedirektoratet om prioriteringar.
Bolig for velferd – nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020)	Legg føringer på det bustadsosiale arbeidet.
Meld. St. (2008-2009) «Et nyskapende og bærekraftig Norge»	Beskriv behov for innovasjon i helse- og omsorgssektoren.
Innovasjon i Omsorg -NOU (2011-11)	Peikar på innovasjon som eit reiskap til å løysa dei komplekse omsorgsutfordringane samfunnet står ovanfor.
Meld. St. 15 (2017–2018) «Leve hele livet, en kvalitetsreform for eldre»	Gjev retning for kvalitetsutvikling av tenestene til eldre. Reformen har òg høgt fokus på aldersvenlege samfunn og eldreressursen.
Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming.	Veileder for gode tenester. Formålet er å bidra til kunnskapsbasert praksis, rette prioriteringar, god samhandling og redusera uønska variasjon i kommunane.

(Lista er ikkje uttømmande)

## 6.0. Talgrunnlag og utviklingstrekk

Ved utarbeiding av planen i 2016 blei det laga ein oversikt med aktuelle tal og statistikk, og forventa utvikling blei beskrive i planen. Bømlo kommune sitt oversiktsdokument «Folkehelse i Bømlo» var då ein av dei sentrale kjeldene. Gjeldande oversiktsdokument vil òg vera sentralt i denne revisjonen.

Det er i tillegg behov for å gjera eit større arbeid med å oppdatera tal på demografi og utvikling. Arbeidet blir relativt omfattande og det er difor vurdert behov for å kjøpa ekstern bistand. Kommunedirektør har likevel valt å ikkje gjera det då ein har brei kompetanse på området i organisasjonen. Ein konsekvens av dette kan vera at det kan bli utfordrande på kapasitetsida, og at arbeidet må gå over lengre tid.

## 7.0. Medverknad og samskapning

Planlegging er viktig for å utvikla samfunnet og den kommunale tenesteytinga. Eit sentralt trekk i kommunesektoren er endringa i tankesett om kommunen si rolle. Kommunesektoren sin interesseorganisasjon (KS) har ved fleire høve peika på at me er på veg bort frå det såkalla «servicesamfunnet» og over mot «fellesskaps-samfunnet», kommune 3.0. Dette blir vurdert som avgjerande for å møta framtidas utfordringar på eit meir berekraftig samfunn.



Figur: Kommune 3.0.

og

Planprosessar bør skje på ein open måte, med innsyn og medverknad. *Samskapning* er eit anna sentralt omgrep. I korte trekk handlar samskapning om at lokalsamfunnet, innbyggjarane, frivilligheita og næringsliv i fellesskap bidreg i teneste- og samfunnsutviklinga. Ein prosess der ein skapar løysningar saman med innbyggjarane og ikkje for dei. I Bømlo ynskjer me å leggja vekt på samskapning og medverknad i planprosessane, det blir då viktig å leggja til rette for møteplassar der dette kan skje.

Det meste av arbeidet med tekstlege endringar og oppdatering av talgrunnlag i kommunedelplanen vil bli gjort administrativt, men medverknad og samskaping blir sentralt ved utforming av konkrete tiltak i handlingsdelen.

Me ynskjer her å ha ein ressursbasert tilnærming, og me vil mellom anna satsa vidare på ABCD-metodikk som metode. ABCD står for Asset Based Community Development og inneber at ein tek utgangspunkt i ressursane i lokalsamfunna og legg til rette for at desse ligg til grunn for utvikling.



Bilde: Frå arbeid med kommunedelplan HSO 2016

Det er òg ei klar målsetjing å integrera arbeidet mest mogleg i dei samarbeidsstrukturane me allereie har med brukarorganisasjonar og innbyggjarar, t.d. i dialogen med grenautvala, i møter med Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) og brukarmøter i verksemndene. Medverknad og dialog i organisasjonen vil i størst mogleg grad bli integrert i medråderettmøter og personalmøter. Det vil likevel vera behov for innspeismøter og arbeidsgrupper utover dette. Ein detaljert plan for organisering og framdrift blir lagt fram for godkjenning i styringsgruppa i fyrste møte i januar/ februar 2022.

## 8.0. Organisering av arbeidet og framdrift

Dette planarbeidet blir organisert med klar politisk styring og involvering. Kommunestyret er oppdragsgjevar. Utval for levekår supplert med representantar frå Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), hovudtillitsvalt saman med kommunalsjef og rådgjevar for HSO blir styringsgruppe. Styringsgruppa får ansvar for å utarbeiding og godkjenning av ein meir detaljert framdriftsplan. Framdriftsplanen skal sikra medverknad og samskaping, god ressursbruk og integrasjon med kommunen sitt arbeid forøvrig. Det er ynskjeleg å få til ein prosess med brei medverknad frå innbyggjarar og brukarorganisasjonar i arbeidsgrupper og på innspelsmøter (jf. kapittel 7).

**Oppdragsgjevar:**  
Kommunestyret

**Styringsgruppe:**  
Utval for levekår  
Ein representant frå eldrerådet, ein representant RMNF og ein hovudtillitsvalt  
Kommunalsjef og rådgjevar for helse-sosial- og omsorg (HSO)

**Prosjektansvarleg:**  
Kommunalsjef HSO

**Prosjektleiar:**  
Rådgjevar HSO

**Innspelsmøter og ulike arbeidsgrupper**  
Plan for framdrift, medverknad/ samskaping og organisering skal godkjennast av  
styringsgruppa på fyrste møte i januar/ februar 2022

**Milepæler og framdrift:**

August/ September 2021	Forslag til planprogram til politisk behandling. Til behandling i Utval for levekår 31. august og Formannskapet 2. september.
September/ Oktober 2021	Planprogram blir sendt på høyring/ varsling om igangsetting av planarbeid. Høyringsfrist 18. oktober.
September/ Desember 2021	Oppdatering av talgrunnlag og utfordringsbilde
Oktober/ November 2021	Planprogram til politisk behandling (Leveår 16.november/ Kommunestyret 6. desember)
Januar/ Februar 2022	Møte i styringsgruppa - Godkjenning av vidare framdriftsplan
	<i>Plan for framdrift, medverknad og organisering av arbeidet blir lagt fram til godkjenning i styringsgruppa på første møte</i>
August/ September 2022	Kommunedelplan Helse-sosial-omsorg 2022-32 med handlingsdel for 2022/23 til politisk behandling